



seteslusk

seteslusk -en, ar, -ane

subst. 1 Person som grisar til setet med tyggis, snus eller mat/drikke.
2 Person som plasserer beina i setet.

setesluskeri -et

subst. Setesluskeri er å grise til setet med tyggis, snus eller mat, eller å ha beina på setet.





seteokkupant

seteokkupant -en, ar, -ane

subst. 1 Person som tek opp ledige sete med veske, sekk og posar. 2 Frisk og rask person som tek opp ein sitjeplass i staden for å tilby plassen til gravide, pensjonistar eller reisande med små barn.

seteokkupasjon -en

subst. Seteokkupasjon er å okkupere sete med vesker, sekkar eller posar slik at ein hindrar andre passasjerar i å sitje.





decibeldust

decibeldust -en, ar, -ane

subst. 1 Person som spiller så høg musikk at støyen frå hovudtelefonane er til plage for andre passasjerar. 2 Person som snakkar høgt i mobiltelefon.

decibeldusteri -et

subst. Decibeldusteri kan påføre medpassasjerane irriterande støy og personlege samtaler dei ikkje har lyst til å høyre.





sperreløk

sperreløk -en, ar, -ane

subst. Person som hindrar ferdsel inn og ut av buss og bybane. Ein sperreløk står gjerne framfor dørene og i midtgangen, og trekkjer ikkje bakover i bussen/på bybanen.

sperreløkeri -et

subst. Sperreløkeri kan føre til passasjerkork, generell irritasjon og gode levekår for *brøytebøllar*.





brøytebølle

brøytebølle -n, ar, -ane

subst. Person som brøytar seg fram utan tanke for andre enn seg sjølv, og som hindrar god flyt i passasjerstraumen inn og ut av buss eller bybane.

brøytebølling -a

subst. Brøytebølling er ein aktivitet som kan føre til irritasjon og unødig trengsel.

